

## **Mandat for eining for russaker i Øvre Telemark**

Mandatet gjeld for kommunane Seljord, Kviteseid, Tokke, Vinje, Fyresdal og Nissedal.

Seljord kommune har koordineringsansvaret for eininga, det betyr at Seljord koordinerer kven som skal dra ut på oppdraget. Alle kommunar skal ha ein person som er knytt opp mot denne eininga.

Eininga skal kunne vere på plass og tilgjengeleg for eit møte innan 5 dagar etter førespurnaden frå påtalemyndigheita. Der dette er sett som vilkår.

Eininga kan også foreta ruskontroll viss det er sett som vilkår.

Det er alltid 2 kommunar som deltar, den kommunen som personen er busett i, skal ikkje delta i møte. Dette blir koordinert av Seljord kommune.

Alle dei involverte kommunane har lik informasjon om denne eininga på si heimmeside, denne informasjonen blir gitt til påtalemyndigheita. Slik at dei har ein kontaktperson og forhalde seg til.

Eininga treffast 2 gonger i året for evaluering og gjennomgang av saker. Her blir det også diskutert ressursbruk, som igjen blir informert vidare til dei ulike ansvarlege leiarane i dei involverte kommunane.

Eininga har også ansvaret for å vere faglig oppdatert og eventuelt ha felles opplæring og trening.

27.06.2023.